

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 17. januar 2020 11:12
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2020, 17. JANUAR

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2020, 17. JANUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

7 SØKARAR PÅ STILLING SOM DEKAN VED AVDELING FOR MEDIEFAG

Det har meldt seg 7 søkarar på stillinga som dekan ved Avdeling for mediefag. Dei sju søkarane er:

Aina Voll (33), miljøtereapeut, Sande.

Martin Maier (35), senior prosjektøkonom/prosjektstøtte, Trondheim.

Henrik W. Jørgensen (57), Sjefskonsulent, København.

Nils-Jarle Sætre (49), arbeidssøkar, Ørsta.

Tor Bang (64), førsteamanuensis, Oslo.

Pål Aarsæther (50), lektor, Skodje.

Audhild G. Rotevatn (44), dekan, Volda.

I tillegg var det ein søkar som trekte søknaden.

BYGGING-BYGGING-BYGGING: FØLG MED PÅ NETTKAMERA

Det er stor byggeaktivitet på og ved høgskuleområdet, og det er sett opp nettkamera på alle dei tre husa som reiser seg:

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

PRAKSIS I LÆRARUTDANNINGA: 100 LÆRARAR SAMLA I LOEN

Denne veka har 60 praksislærarar og 40 HVO-tilsette vore samla i Loen. Målet med seminaret er å saman diskutere korleis ein kan kome fram til eit betre praksissamarbeid og utvikle grunnskuleutdanninga vidare, også inn mot masterdelen som startar til hausten. Vidare har professor Peder Haug hatt foredrag med tittelen «Profesjonsfelleskap for å skape identitet som lærarutdannar».

KJARTAN LEER-SALVESEN HAR VORTE PROFESSOR

Kjartan Leer-Salvesen, ASH, har vorte tilkjent professorkompetanse i religion og etikk, med innretning mot populærkultur og profesjonsetikk. Leer-Salvesen har tidlegare vore stipendiat ved Høgskulen i Volda og disputerte i 2016 ved Universitetet i Agder på ei avhandling om lærarar og prestar sitt forhold til teieplikt.

[Kjartan Leer-Salvesen si nettside.](#)

PUBLISERING: KIM-DANIEL VATTØY OG SIV M. GAMLEM I CAMBRIDGE JOURNAL OF EDUCATION

Stipendiat Kim-Daniel Vattøy og professor Siv Måseidvåg Gamlem har fått publisert ein artikkel i tidsskriftet Cambridge Journal of Education. Artikkelen har tittelen: "Teacher–student interactions and feedback in English as a foreign language classrooms".

[Samandrag \(abstract\) av artikkelen.](#)

PUBLISERING (2): KORLEIS STÅR DET TIL MED HELSA PÅ SØRE SUNNMØRE?

Gro Anita Bårdseth og Randi Bergem har publisert ein rapport i høgskulens notatserie: "Interkommunalt samarbeid om kommunal folkehelseoversikt. Sluttrapport." Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Ørsta kommune (vertskommune) og folkehelseoversikta omfattar kommunane Ørsta, Volda, Hareid, Herøy, Ulstein og Vanylven. Prosjektet har fått finansiering frå Regionalt Forskningsfond Midt Noreg. [Les rapporten på våre nettsider.](#)

INNOVASJONSPRIS TIL HVO-PARTNAR FOLVEN GARD

Folven gard i Stryn har fått Landbrukets innovasjonspris. Folvengaard AS er i lag med Høgskulen i Volda med på forskingsprosjektet "Algae to Furture" og deltakinga i dette prosjektet var ein viktig del av grunngevinga for at Folven gard fekk prisen. Tilsette og studentar ved Avdeling for mediefag spelar ei sentral rolle i algeprosjektet med Kristian Fuglseth som ansvarleg på AMF.

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/med-pa-laget-bak-innovasjonspris>

PÅMINNING: STØTTE TIL FORSKINGSGRUPPER: SØKNADSRIST 24. JANUAR

Fungerande forskingssjef Ola Teige har lyst ut midlar til støtte til forskingsgrupper for 2020. Søknadsfristen er 24. januar, og det er forskingsadministrasjonen som tildeler midlane ut frå kriterier sett av Forskingsutvalet.

[Les meir om støtte til forskingsgrupper.](#)

[Her er forskingsgruppene på HVO.](#)

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

30.1.2020: [Fagdag geriatri.](#)

12.2.2020: [Internasjonal dag.](#)

21.2.2020: Disputas, [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), Høgskolen i Innlandet

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)

18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)